
Hovudutval for opplæring

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland

Arkiv: A40 &20

Arkivsaksnr.: 03/04482

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:

Saka er godkjend av fylkesdirektøren:

Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 1

Tal uprenta vedlegg: 3

HANDLINGSPLAN FOR INTERNASJONALISERING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I SOGN OG FJORDANE

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Handlingsplan for for internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane vert vedteken.

Tiltaksdelen i planen skal innarbeidast i Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2004-07, også når det gjeld prioritering og finansiering av tiltaka.

Prenta vedlegg:

Handlingsplanen

Uprenta vedlegg:

Internasjonal plan, Fylkestingssak 14.06.200

Hovudutvalssak (opplæring) 25.05.2002

Framtidige strategiar for vidaregåande opplæring, fylkestingssak 03.06.2003

Saksframstilling

Fylkesdirektøren for opplæring sette i oktober ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide handlingsplan for internasjonalisering i vidaregåande opplæring.

Gruppa fekk slik samansetting:

Siri Merete Nedland	Opplæringsavdelinga	leiar
Kjell Arnestad	Firda vgs	sekretær
Irsi Kopperud	Utdanningsforbundet	
Jorunn Eide Kirketeig	OKSU (opplæringskontora sitt samarbeidsutval)	
Nils Friis Fardal	Opplæringsavdelinga	

Vara:

Hans-Børge Lillehaug OKSU

Arbeidsgruppa hadde følgjande mandat:

- I Arbeidsgruppa skal leggje fram forslag til handlingsplan for internasjonalisering i opplæringssektoren i løpet av mai 2004.

Styringsdokument for arbeidet skal vere:

1. Internasjonal plan vedteken av fylkestinget 14.6.2000
2. Sak til hovudutval for opplæring 25.05.2002
3. Framtidige strategiar for vidaregåande opplæring, vedteken av fylkestinget 03.06.2003
4. eventuelt andre overordna føringar

- II Arbeidsgruppa må leggje fram forslag til korleis handlingsplanen skal innarbeidast i budsjettet og økonomiplanen.

Arbeidsgruppa må vurdere kor stor potten til handlingsplanen må vere, særleg med tanke på utvekslingsprogram for elevar, lærlingar, lærarar, instruktørar og leiarar.

Arbeidsgruppa legg med dette fram si tilråding til handlingsplan.

Tilrådinga er samrøystes.

Fylkesdirektøren for opplæring vil med utgangspunkt i vedteken handlingsplan:

- innarbeide tiltaksdelen og finansieringa av denne i strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2004-07
- utarbeide kortversjon av handlingsplanen innan utgangen av september